



NORGES MILJØVERNFORBUND  
Postboks 593  
5806 BERGEN

Dato: 24.06.2016  
Vår ref.: 2016/2419-51  
Saksbehandlar: steotto  
Dykkar ref.:

Att. Ruben M. Oddekalv

## Større kulturprosjekt med regional verdi - våren 2016

Vi viser til dykkar søknad om tilskot til treplugging av kledning på 1600-tals hus ved kurs- og konferansehotell Seletun.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama søknaden i politisk sak 97/16 på møte den 08.06.2016 i søknadsordninga Større kulturprosjekt med regional verdi - våren 2016. Dykkar søknad om tilskot til treplugging av kledning på 1600-tals hus ved kurs- og konferansehotell Seletun vart diverre gitt avslag.

### Grunngjeving:

Ved søknadsfristen 01.04.2016 var det kome inn 42 søknader. Samla søkesum var om lag 4 millionar kroner. Det vart fordelt totalt 668.000 kr under ordninga Større kulturprosjekt med regional verdi - våren 2016. Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga, og med avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritere strengt. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningsliner.

Individuell grunngjeving: For individuell grunngjeving viser vi til [saksframlegget](#). Desse vurderingane må lesast som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.

Lenke til saksframlegg:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/RegistryEntry/ShowDocumentFromDmb?registryEntryId=205418&documentId=353011>

### Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de tok imot melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) merka med *Klage - saksnummer*. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd  
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar  
utviklingssjef

Sakshandsamarar: Tone Stedal Haugland, Hanne Espe og Elisabeth Bjørsvik  
*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*